

**Tema i**  
**Sogndal**  
**Studentbarnehage**  
**2017/2018**

# Sogndal Studentbarnehage 2017/2018

## Gjennomgåande tema:

### Psykisk helse

Dette barnehageåret vil psykisk helse fortsatt vera satsingsområde i Sogndal kommune og regionen forøvrig. Dette satsingsområde er forankra i strategiplanen for Sogndal kommune (2011-2014, og revidert for perioden 2015-2016 og 2016-2017) og i rammeplan for barnehagen.

Med psykisk helse meiner vi:

Barnehagen er ein viktig arena for sosial utvikling, læring og etablering av venskap. Å utvikle borna sin sosiale kompetanse er godt førebyggjande arbeid for borna si psykiske helse. Sosial kompetanse handlar m.a. om å kunne samhandla positivt med andre i ulike situasjonar, og motverke problemåttferd som diskriminering og mobbing. (sitat; Strategiplan Sogndal kommune)

Med fysisk helse meiner vi:

I småbarnsalderen tileignar borna seg grunnleggjande motorisk dugleik, kroppskontroll, fysiske eigenskapar, vanar og innsikt i korleis dei kan ta vare på helse og livskvalitet. Ved sanseinstrykk og rørsle skaffar barn seg erfaring, dugleik og kunnskap på mange område. Det er viktig å gje barn naturglede og fysiske utfordringar så tidleg som mogleg. (Strategiplan Sogndal kommune)

Barn er skapt for å være i rørsle. Fysisk aktivitet er ei kjelde til glede, velvære og mestringskjensle. Ein aktiv kvardag har mange gode verknader på kroppen vår, og det er samstundes den billigaste, enklaste og kan hende også den mest morosame metoden for å få betre helse. Regelmessig fysisk aktivitet gjev mellom anna betre kondisjon, auka muskelstyrke, betre ledd funksjon og rørsle, betre søvnkvalitet og eit sterkare immunforsvar. Fysisk aktivitet har også positiv verknad på barns mentale helse, evne til sosialt samspel, evne til å konsentrere seg og lære, og såleis gjere at barn både trivst betre og presterer meir. (Strategiplan Sogndal kommune)

I vår barnehage vil vi gjennom heile barnehagedagen ha fokus på og fremme fysisk og psykisk helse. Å gjera personalet medvitne på og auke den enkeltes kompetanse på dette området er viktig. Personalet skal vere ein trygg base for barna, og på denne måten skape god tilknytning. Personalet skal gjenkjenne å erfare situasjonar og gå inn og stimulere til god fysisk og psykisk helse. Dei vaksne skal vere medviten si vaksenrolle og dei skal vere rollemodellar i kvardagen. Det er viktig å ha det kjekt ilag og fokusera på mestringsglede hos den einskilde. Vi vil lage arbeidsplanar for å nå våre mål om å fremme god fysisk og psykisk helse. Planane våre skal spegla temaet. Vi vil freista å legge til rette for fysisk aktivitet både ute og inne i barnehagen. Vi vil gjennom leik, både i formelle og uformelle situasjonar ha dette temaet med oss. Vi vil bruke Kari Lamer sin teori om korleis jobbe med "Sosial

kompetanse”, og i tillegg jobbe med “Samspelmetoden Dialog” av Sigrid Hviding.  
(Sjå desse dokumenta på nett).

## **Miljøfyrtårn**

### **Bolketema:**

**(Tema som går over lengre tid alt frå nokon veker til nokon månader, følg med på månads planane)**

### **Prosjektdagar**

I haust vil me ha ein prosjektperiode der fokus er på venskap, som eit ledd i arbeidet med psykisk helse. Her vil heile barnehagen samarbeide og me lagar grupper på tvers mellom avdelingane. Aktivitetane i dei ulike gruppene vil vere fysisk aktivitet med fokus på mestringsglede og samarbeid, tradisjonsmat der fokus er å gleda andre, musikkgruppe med fokus på sangar om venskap, formingsgruppe med fokus på skapande aktivitetar og samarbeid mot eit felles venskapsbilete. Aktivitetane vil vere tilpassa barnas alder og modningsnivå. Aktivitetane vil vera både inne i barnehagen, ute i barnehagen, leikeplassen på Rutlin og i stien mot Trudvang. Sjå nærmare informasjon på vekeplan.

### **Aldersbestemte grupper**

I mange tema og periodar vil det vere fornuftig at vi deler barnegruppa inn etter alder. Dette for at vi vaksne får ein moglegheit til å observera utviklinga til det einskilde barnet, og for å spesifikt stimulere kvar einskilt barn på det som kan vere ein utfordring. Når vi snakkar om aldersbestemt, tenker vi alle aldersgruppene; 1 åringar, 2 åringar, 3 åringar, 4 åringar og 5 åringar. Det kan og vere fornuftig i periodar at barn på same alder får anledning til å leike saman og å få aktivitet som ein tenkjer er spesielt tilrettelagt for denne aldersgruppa.

Aktivitetar som vi kan velje med slik samansetting kan vere:

- Kafé- gjengen
- Førskulegruppe
- Eventyr - ulike eventyr tilpassa etter alder og modning
- Turar - storhallen, ulvahaugen, leikeplassen på Rutlin, Trudvang, fjøresteinane butikken mm.
- Fysisk aktivitet
- Leikegrupper

## **Felles turar for heile barnehagen**

Eit mål for oss i barnehagen er at barn og vaksne skal føle tilhørigheit til barnehagen og oppleve eit fellesskap. Fellesturar i barnehagen gjer at vi alle saman vert meir samansveiste og kjende med kvarandre på tvers, både dei vaksne og borna. Vi får eit felles ansvar for barna på tvers av avdelingane. Barnehagen får eit brot i den daglege aktiviteten, og vi får kjenne på andre utfordringar enn om vi berre er i barnehagen.

### Tur til gammen

Barnehagen har fått anledning til å bruke eit område rett overfor barnehagen. Trudvangskule har opparbeid dette området og det er sett opp ein flott gamme. Gammen er låst, men barnehagen har fått anledning til å bruke denne.

### Klatring i storhallen

Dei eldste barna på avdeling Måne vil i løpet av hausten og våren ha turar opp til storhallen. Der vil me klatre i klatreveggen og ha fysisk aktivitet med dei mulegheitene som hallen gir oss. Barnehagen har selar, klarteutstyr og tilsette med brattkort, og det blir med instruktør dei dagane me er i hallen for å klatre. Sjå vekeplan på måne for kva dagar det vert besøk i storhallen.

## **Periodebestemt emne plan**

Dette er eit arbeidsdokument som følgje "årets gang". Dette arbeidsdokumentet bruker vi gjennom heile året og det er dette vi tek utgangspunkt i når vi skriv studentbarnavisa. Her er skissert ulike aktiviteter gjennom året. Kva vi skal jobbe med, korleis vi skal jobbe og kvifor vi skal jobbe med nettopp dette. Dette har vi også knytt opp mot sosial kompetanse og fagområde i barnehagen. For meir informasjon sjå » *Periodebestemt emneplan* » på nettet.